



Øystre Slidre kommune

SØKNAD OM SKULEFRI

Til rektor ved _____ skule

Elevens namn	Fødd	Klasse	Lærer

Adresse	Postnr.	Poststed

Det blir søkt om fri frå skulen: Frå og med _____
vekedag dato

Til og med _____
vekedag dato

Grunngjeving for skulefri:

Opplæringstiltak i permisjonstida:

Eg/vi har og barn ved _____ skule

Eg/vi er kjend med gjeldande retningsliner (sjå side 2).

Stad dato

føresette

Rektors vedtak:

Sak nr.:

Retningslinjer for å gje elevar fri frå skulen utover faste feriar og fridagar.

Opplæringslova § 2-11 seier følgjande om å gje elevar fri utover feriar og fridagar:

“Når det er forsvarleg, kan kommunen etter søknad gje den einskilde elev permisjon i inntil to veker.

Elevar som høyrer til eit trussamfunn utanfor Den Norske kyrkja, har etter søknad rett til å vere borte frå skulen dei dagane trussamfunnet deira har helgedag. Det er eit vilkår for retten at foreldra sørgjer for nødvendig undervisning i permisjonstida, slik at eleven kan følgje med i den allmenne undervisninga etter at permisjonstida er ute.”

- Å få permisjon frå undervisninga er ikkje ei rettighet etter Opplæringslova § 2-11 fyrste ledd, men etter §2-11 andre ledd kan det gjevast ei rettighet når visse vilkår er oppfylt.
- Føresetnaden for å gje fri etter fyrste ledd er at det er forsvarleg å gje eleven fri frå opplæringa. Når dette skal vurderast, er det avgjerande om eleven med dette får ei forsvarleg grunnskuleopplæring. Som eit ledd i vurderinga blir det lagt vekt på om eleven får undervisning i permisjonstida.
- Krav til foreldre om undervisning gjeld berre i §2-11 andre ledd. Det er ikkje eit absolutt krav om slik undervisning ved §2-11 fyrste ledd, så her vil kvar enskild søknad bli vurdert.
- Den opplæringa som eleven mister ved permisjon, har eleven ikkje rett til å få erstatta seinare.
- Det er ikkje tillate å gje permisjon ut over to veker.
- Dersom foreldre ynskjer å ta ut eleven ut for ei lengre samanhengande periode enn to veker, må dette sjåast på som privat heimeundervisning. Eleven blir med dette utskreven frå skulen som elev, og foreldra har det fulle opplæringsansvaret.
- Søknader om permisjon både etter første og andre ledd § 2-11 er enkeltvedtak med klageadgang, og blir handsama etter reglar i forvaltningslova. Klagen må vere begrunna og skrifteleg. Evt. klage skal rettast til Øystre Slidre kommune v/ sektor for skule og barnehage innan tre – 3 veker frå dagen vedtak er motteke.
Vidare klage vil bli handsama av Fylkesmannen i Oppland som er øvste klageinstans.

Det skal sendast skrifteleg begrunna søknad om skulefri til eleven i god tid. Han skal sendast på eige søknadsskjema som er å få ved den einskilde skulen. Rektor avgjer søknaden skrifteleg etter gjeldande retningslinjer.